



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 8

Julen 1978

32. årg.

*Me
ynskjer
alle
ei
velsigna
julehøgtid!*



- * GLADE JUL — HELDIGE JUL (s. 2)
- * GUDS MENIGHET (s. 3)
- * KRISTIAN BRAKESTAD 70 ÅR (s. 4)
- * INTERVJU MED SOKNEPREST BJØRSVIK (s. 4)
- * «EITTÅRING» PÅ 21 (s. 7)

Glade jul – Heldige jul

Overskrifta er ikkje feil. Det var slik dei song born i heimen vår då dei skulle læra seg den kjende julesongen. For dei var jula sjølvsagt ei glad tid, men den var ikkje mindre heldig. Då fekk ein det ein lenge hadde gått og ynskt seg. Kva kunne då passa betre å syngja enn «Glade jul – heldige jul»?

Det er vel fleire enn borna som kan tenkje slik. Men som vaksen nyttar ein sjølvsagt dei rette orda. Julesongane kan ein. Ingen ville finna på å byta ut «heilage jul» i den kjende julesongen vår vonar eg. Men samstundes må ein vera på vakt at ikkje nettopp noko tek plassen for den heilage jula.

Det heilage er meir enn englesong og julekrubbe. Det bilete som Bibelen nyttar for å vise oss kva heilag er for noko er ofte elden. Gud er som ein brennande eld. Menneskja kan ikkje utan vidare koma nær til han som dei er. Moses minnest me måtte stå på fråstand då Gud tala til han frå den brennande tornebusken. Esaias vart fylld av frykt og age då han sto andlet til andlet med Gud i templet. Han bryt ut: «Eg er for-tapt.» Det er ikkje nokon god oppleving å møte Gud slik, men det er ikkje betre å lukka augo for denne sida av Gud heller. Dette er den heilage Gud som ikkje toler synd og ikkje kan møte noko menneskje på halvvegen.

Det er den heilage Gud me møter i julebodskapen. Han kjem inn i vår verd. Eigentleg skulle det tyda på undergong at Gud kjem nær til menneskja. Det blendande ljuset frå himmelen gjer også hyrtingane redde der ute på markene, men så får dei sjå ein annan side ved Gud. Eit barn i ei krybbe er den heilage Guds veg til menneskja. Her får dei høyra bodskapen om fred og frelse. Underleg er det å møte den heilage Gud slik. Så kan og me med frimod koma den levande Gud nær i Jesus Kristus utan frykt og age.

Gud er framleis heilag, men i sin kjærleik fann han ein veg til menneskja gjennom Jesus Kristus. Lukkeleg og glad og ikkje minst heldig er det menneskje som møter denne heilage Gud på sin livsveg i Jesus Kristus.

Magne O. Steinnes.

Kom, Jesus!

Tone: Han tek ikkje glansen av livet

O, Jesus, kom inn i vår stove
vi døri vil opna for deg.
Ditt ord, og den himmelske gåve
er einaste redningens veg.

Og stundom vi går her å tvila
er trøtt som ein syndefull træl
Vår, Fader, hos deg vil vi kvila
å finna den fred i vår sjæl.

Vår, Gud, då so glad me skal vera
frå morgon til seinaste kveld.
Når byrði, Du, for oss vil bera,
og nattverd i saman vi held.

Ved gløymseleens kyst attmed
stranda,
me siglar so trygt inn i havn,
og kaster vårt anker og landa
i Frelserens trufaste favn.

God Jul!

A. Jensen

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.

Medarbeidarar:

Dagfinn Lofthus, Johanne B. Helle
og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,00 for året.

GUDS MENIGHET

Se, hvor godt og hvor liflig det er at
brødre også bor sammen. Salme 133,1.

Det har aldri vært Guds mening at en kristen skulle leve sitt gudsliv alene her i verden. Derfor har han bygd et hjem til oss, hvor vi skal bo sammen. De helliges samfunn. Det er der vi skal finne et av de klareste vitnesbyrd om at vi er Guds barn. I dette samfunn skal den ene hjelpe den andre, og der har vår far og Frelser sagt at velsignelsen skal bo. Ja liv til evig tid.

Der skal vi bygges opp til en Guds bolig i Ånden. En kristen som stenger seg ute fra dette hellige hjem, vil lett ta skade på sin sjel. Han kan neppe holde seg varm alene, verden er så kald for oss. Vi har også fiender som vi bare kan seire over når vi holder sammen. Og forlater noen av oss dette hjem fordi vi finner så mange feil hos brødre og søstre, så tør det hende at den største feilen ligger hos oss selv. På avstand fra de andre gror mistanken, og det onde sinnelag, men i de helliges samfunn vil kjærligheten skjule en mangfoldighet av synder.

La oss takke Gud, som ga oss det

hellige brorskap på jorden, og la oss ofre meget for å holde sammen der. Vi trenger hverandre så sårt.

Ronald Fangen har skrevet så fint om dette:

Guds menighet er jordens største under,
mens verdens skikkelse i hast forgår.
Er Kristus i all evighet den samme,
Og fast hans rike på sin klippe står,
Mens verdens riker stiger og de synker.
Går kirken mot fullkommenhetens vår.

Velkommen til Bedehuset!

Karsten Audestad.

Margit Helle til minne

Margit Helle er død berre 57 år gamal. Plutseleg og uventa kom bodskapen. Frå ei aktiv teneste vart ho teken bort. Ikkje minst i kyrkjelyden på Vaksdal vil ho verta djupt sakna. Her hadde ho så mange oppgaver. På ein serleg måte låg borna henne på hjarta. I sundagsskulen var ho den faste og trufaste leiar og på førskulen kunne ein alltid rekne med Margit. Elles var ho med i misjonsarbeid, eldrearbeid, kyrkjekor, IKO utval. I soknerådsarbeidet har ho og vore med. Det var alltid så lett å gå




til Margit når noko skulle skipast til. Ho var alltid blid, positiv og samvit-tighetsfull. Det var ikkje dei store ord og handlingar som særprega Margit. Det var heller kallet til å tena sin Herre. På ulike vis vart dette streka under i gravferden. Måtte no også dei tome plassane etter henne verta fyllt. Me lyser fred over hennar minne. *Magne Steinnes*

Kristian Brakestad 70 år

Kristian Brakestad vert på sjølve julafta 70 år. Foreldra Brynjulv og Britteva var gardbrukarar øvst i Eksingedalen og dette gardsbruket har han sidan teke over. Han har bygd ut og lagt til ny jord. Men interesse-ne låg ikkje berre i det å dyrka jorda. I fleire år var han med i heradstyre. Det var den gong Nesheim hørde til Evanger. Han har heile tida vore aktivt med i det kristelege arbeid. I soknerådet var han sjølv-sagt med, og mange år som formann. Kor mange predikantar som har budd i stovene hos han Kristian er ikkje godt å seia. Det var alltid plass. Dette synte seg ikkje minst når ungdomen frå St. Markus kyrkjelyd i Bergen kom på påsketur. Då let han like godt over huset til dei. År etter år var dei velkomne og dette førde ein dag til at Kristian kunne reise til kongen å ta imot kongens forteneste-medaljé. Han reiste ikkje tomhend til Oslo. Med seg hadde han to songar som faren hadde dikta, om tilhøva oppe i Eksingedalen. Kristian er ikkje den mann som nyttar dei mange og store ord, men det er ord med tyngde og visdom, for mykje har han lese. Me vil ynskje Kristian lukke til med dagen. *Magne Steinnes*

Frå Vaksdal til Samnanger



Sokneprest Lars Bjørsvik har vore prest i Vaksdal i ni år. Han er soleis godt kjent her og har mange vener mellom folket. Han har no bygt seg hus i Vaksdal og har fått ein lun heim som er fylt med ting som minner om dei rike år som misjonær i China.

Enno er ikkje tenesta slutt for Bjørsvik. Han er vikarprest i Samnanger inntil ny sokneprest kjem der.

Vi slår av ein prat med Bjørsvik og bed han fyrst fortelja litt om åra som misjonær.

— Kor lenge var de i China?

— Me reiste til China i februar 1935 og kom heimatt hausten 1968. På grunn av krigen med Japan måtte me evakuera til India i 1945. Der vart me vel eitt år, og hadde vårt arbeid mellom skandinaviske sjøfolk. Me møtte mange norske sjøfolk som reiste ute under krigen. Etter eit Norges opphald var me tilbake til China i 1948. Det var kort tid før

kommunistane tok makta, og me blei der i vel to år under det nye styret, før me atter måtte evakuera, og no til HongKong. Der fekk me eit rikt arbeid mellom kinesarar som flykta frå China.

— Har de noko kontakt med China no?

— Ikkje direkte, men me har mange kinesiske vener i HongKong og på Taiwan. Mange av desse er frå feltet inne i China der me var. Me har hatt fleire vitjingar av kinesarar her, sist ein eldre kinesisk professor som vitja oss ei veker tid, saman med sin sekretær, no sist sumar. Det er gildt å møta dei, og få snakka litt kinesisk igjen, og høyre nytt der utefrå.

— Og kva tid tok de so til her i Vaksdal?

— Det var i september 1969. Etter fem år som residerande kapellan med bustad på Vaksdal, fylgde fire år som sokneprest med bustad på Dale. Me har trivest svært godt både på Vaksdal og på Dale. I Vaksdal var det ei stor hjelp for meg at Gunvor, kona mi, er frå Vaksdal, og soleis kjenner godt folket her. Gunvor har trufast stått ved mi sida både ute og her heime, i gode og vonde dagar.

— Og kor har de likt dykk her?

— Me fekk ni år i Vaksdal prestegjeld, og har likt oss svært godt. Me kjenner oss sterkt knytta til folket her i dette vidstrakte prestegjeld.

— Det er vel stor skilnad på arbeidet her og ute i Østen?

— Ein kunne gjerne synast det, og det er mykje nytt for unge som kjem ut. Men når ein er kome ut, og vore der ei årrekke, og ein har lært språket, og ein snakkar med folk utan at der er ein språkmur som

stengjer, so merkar ein i grunnen lite av at du er komen frå den andre sida av jordkloden. Folk er i grunnen so like når du lærer dei rett å kjenna, og lever med dei i sorg og glede.

— Korleis ser du på arbeidstilhøva her no, er det noko du gjerne vil peike på?

— Ja då vil eg nemna berre ein ting, — at kyrkja på Dale snart må byggjast ferdig! — Vi har ei sjeldan vakker og romeleg kyrkja på Dale. Men det er ei «søndagskyrkja», det må ogso bli ei arbeidskyrkja. So snart som råd er, bør det tilbygget som var med på teikningane då kyrkja var bygd, koma. Kyrkja er ikkje ferdigbygd før dette er kome med. På tettstaden Dale/Stanghelle bur der meir folk enn ved alle dei andre seks kyrkjene tilsaman. Og Dale treng sårt dei arbeidstilhøva som ein slik kyrkjesal vil gi.

— Og no er du i Samnanger, kan vi rekna med å få noko hjelp frå deg heretter?

— Tenesta i Samnanger er som vikar, medan dei ventar på sin nye sokneprest der, det kan bli nokre månader. Når eg er ferdig med det, er eg vanleg kyrkjelydsmedlem i Vaksdal, der me bur. Men når høvet gjev seg og helsa er der, vil me gjerne vera med endå, og det gjeld både Gunvor og meg.

Må Gud signa kyrkjelydane i det vidstrakte Vaksdal prestegjeld. Og med dette ei hjarteleg helsing til alle me møtte den tida me var prestefolk i Vaksdal.

— Takk for praten. Me ynskjer dykk Guds rike signing også over framtida og takkar for truskap i tenesta.

„Eittåring” på 21

«Eittåring» på 21 trives i Fredrikstad» kunne ein lese i Fredrikstad blad for kort tid sida. «Eittåringen» er Heidi Rongved frå Boge. Ho har tidlegare vore aktivt med i ungdomsarbeidet på Vaksdal. No har ho engasjert seg i ungdomsarbeid i Fredrikstad og fortel vidare til bladet bl.a. kor godt ho har funne seg til rette, kva ho steller med og at ho er imponert kor mange unge ein finn til gudstenestene. Me har bede Heidi om ei helsing til kyrkjebladet og det gjer ho så gjerne.

Eg tenkte at eg skulle skriva ei lita helsing i «Kyrkjebladet». For tida er eg Eittåring i Fredrikstad. Det er sikkert ein del av dykk som ikkje veit kva eittåring er, så eg skal koma med ei kort forklaring: Det er at ein nermast «gir» eitt år til kristent barne og ungdomsarbeid. Løna er ikkje særleg stor (450,— kr. pr. mnd. + kost og losji), men ein får veldig mykje glede og nytte av det på andre måtar, så ein kan seia at ein «får» eit år og.

Eg arbeider innen Norges Kr. Ungdomsforbund (NKUF), men det er sikkert andre organisasjonar som har eittåringar og.

Arbeidet mitt består av: Triangeljenteclubb (10-13 år), KFUM-kam. Frittjåff Luddvall (ungdomsklubb) og Unge Voksne + litt kontorarbeid for kretsen når det blir tid til det.

Her i Fredrikstad likar eg meg veldig godt, og folka her var veldig lett å bli kjend med. Når det gjeld Kristent arbeid er det forholdsvis stor aktivitet her, og det er mange ungdommar på gudstenestene.

Alle eittåringar har sin eigen kontaktperson som dei kan gå til dersom det oppstår vanskar på ein eller annan måte. Det synes i alle fall eg er

ei fin ordning, for det er ikkje alltid like lett å vita kven du skal gå til når du kjem til ein heilt ny stad, og i byrjinga kan det lett oppstå problemer.

NKUF har i år 43 eittåringar plasserte rundt omkring i landet, men det er ikkje på langt nær nok. Det var omlag dobbelt så mange stadar som søkte om å få eittåring.

Dersom du som les dette kunne tenkja deg å bli eittåring, så vil eg be deg ta kontakt med kretskontoret for nærare opplysningar. Det er i alle fall eit gjevande arbeid.

Til slutt vil eg ynskja alle saman ei velsigna julehelg og eit riktig godt nytt år.

Heidi Rongved

GAMLE KYRKJEBLAD

Me har tidlegare etterlyst eldre årgangar av kyrkjebladet då me ikkje har desse i arkivet. Omlag 13 nye årgangar har me fått og dette er me svært takksam for. Det vil vera av stor verd å ha å slå attende i. Ei særleg takk til Johannes Vik og Marie Gullbrå for dei mange blada dei kom med. Me vantar ennå alle årgangane frå 1945-55 på få nær. Det skulle vel ikkje vera nokon som har dei liggjande ein stad?

JOHN OVE THAULE

er tilsett som kallskepallan i Grytten, Åndalsnes. Han vart den 28. januar d.å. ordinert i Dale kyrkje til teneste i Feltprestkorpsset. Han har tenestegjort på Akershus der han er ferdig til jul.

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

Julekonsertane

Stamnes kyrkje laurdag 16. des. kl. 18. Stamnes damekor, Ungdomskoret, Stamnes skulekorps. Organist Michelsen. Andakt res.kap. Lofthus.

Bergsdalen kyrkje laurdag 16. des. kl. 17. Dale Musikkforening. Organist Ragnvaldsen m.m. Andakt sokneprest Steinnes.

Eidsland kyrkje søndag 17. des. kl. 11. Gudsteneste + konsert. Eidsland bl.kor. Stamnes damekor. Eidsland Musikklag. Song og musikk av skuleborn. Sokneprest Steinnes. Offer til N.M.S.

Dale kyrkje søndag 17. des. kl. 18. Dale kyrkjekor. Dale Musikkforening m.m. Organist Ragnvaldsen. Andakt ved res.kap. Lofthus. Kollekt.

Vaksdal kyrkje søndag 17. des. kl. 18. Vaksdal Musikklag. Vaksdal kyrkjekor. Skulekorpsset. Organist Michelsen. Song av Birger Olsnes. Andakt sokneprest Steinnes. Kollekt.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

Dale
Johnny Bruvik, fødd 25/6 1978, døypt 29/10.

Even Langhelle, fødd 6/8 1978, døypt 29/10.

Vaksdal
Solfrid Aadland Olsnes, fødd 26/9 1978, døypt 19/11.

Stamnes
Hans Inge Solhaug Eilertsen, fødd 27/9 1978, døypt 12/11.

Eidsland
Nina Iren Myster, fødd 5/9 1978, døypt 19/11.
Britt Elin Ekse, fødd 16/9 1978, døypt 19/11.

VIGDE:

Dale
Rune Berntzen og Turid Vatlé, vigde 18/11 1978.

AVLIDNE:

Dale

Einar E. Dale, f. 13/6 1894, d. 19/10 1978, gravlagd 25/10.

Knut Hesjedal, f. 5/11 1903, d. 11/10 1978, gravlagd 17/10.

Henrik H. Rolland, f. 13/5 1887, d. 22/10 1978, gravlagd 28/10.

Karl Lekve, f. 11/3 1916, d. 5/11 1978, gravlagd 11/11.

Harald Andreas Ekanger, f. 10/12 1912, d. 10/11 1978, gravlagd 17/11.

Leif Pettersen, f. 18/4 1920, d. 20/11 1978, gravlagd 25/11.

Vaksdal

Gjertine Olsnes, f. 22/9 1887, d. 29/10 1978, gravlagd 3/11.

Margit Johanne Helle, f. 6/12 1921, d. 16/11 1978, gravlagd 23/11.

A. L. VATLÉ

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam
Tfn. Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull meterverar
Strikke- jakker og gensere

Hausvik og Faugstad ^{AS}

Vaksdal

Telefon 3603

Velkommen til kyrkje

Laurdag 16. des.:

Stamnes kyrkje kl. 18.00. Julekonsert.
Andakt Lofthus.

Bergsdalen kyrkje kl. 17.00. Julekonsert.
Andakt Steinnes.

3. s. i adv. 17. des. (Matt 11,2-10):

Eidsland kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste og
julekonsert. Sokneprest Steinnes. Offer
til NMS.

Dale kyrkje kl. 18.00. Julekonsert. Andakt
Lofthus. Kollekt.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Julekonsert. An-
dakt Steinnes. Kollekt.

Julaften, (Lk. 2,1-20):

Dale kyrkje kl. 15.00 og kl. 16.00. Barne-
gudsteneste. Sokneprest Steinnes. Musikk.
Kollekt til søndagsskolen.

Stamnes kyrkje kl. 13.30. Barnegudstene-
ste. Res.kap. Lofthus. Stamnes damekor.
Stamnes skulekorps. Kollekt til søndags-
skulen.

Vaksdal kyrkje kl. 16.00. Barnegudstene-
ste. Res.kap. Lofthus. Song barnekoret/
ungdomskoret. Musikk. Kollekt til søn-
dagsskulen.

1. juledag, (Joh. 1,1-5 ev. Luk. 2,1-20)

Dale kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste.
Sokneprest Steinnes. Dale Mannskor. Of-
fer til Menighetsfakultetet.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Høgtidsguds-
teneste. Res.kap. Lofthus. Song av Vaksdal
kyrkjekor. Offer til NMS.

2. juledag (Joh. 1,1-5 ev. Luk. 2,1-20)

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Høgtidsguds-
teneste. Sokneprest Steinnes. Offer til Me-
nighetsfakultetet.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Høgtidsguds-
teneste. Res.kap. Lofthus. Eksingedalen
bl.kor vert med. Offer til Akademi for
kr. folkeoppl. Fellesgudst. med Modalen.
Bergsdalen kyrkje kl. 17.00. Høgtidsguds-
teneste. Sokneprest Steinnes.

Eidsland kyrkje kl. 17.00. Høgtidsguds-
teneste. Res.kap. Lofthus. Eidsland bl.kor
vert med.

Nyttårsnatt, 31. des., (Luk. 13,6-9):

Dale kyrkje kl. 23.15. Sokneprest Steinnes.
Vaksdal kyrkje kl. 23.15. Res.kap. Lofthus.

1. Nyttårsdag, 1. jan., (Luk. 2,21):

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest
Steinnes. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Loft-
hus. Nattverd.

Kristi openberringss., 7. jan. (Matt. 2,1-12)

Dale kyrkje kl. 17.00. Res.kap. Lofthus og
sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Sokneprest
Steinnes. Nattverd.

1. s. e. kr.op., 14. jan., (Matt. 3,13-17):

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus.
Eidsland kyrkje kl. 11.00. Sokneprest
Steinnes.

2. s. e. kr.op., 21. jan., (Joh. 2,1-11):

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.
Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Loft-
hus. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 18.00. Sokneprest
Steinnes.

3. s. e. kr.op., 28. jan., (Rom. 1,16-17):

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein-
nes. Nattverd.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Loft-
hus. Nattverd.

Sjå og kunngjering i Vaksdalnytt.



Fast kontortid på prestekontoret:

Dale onsdag 10.00—12.00.

fredag 13.30—17.00

Telefon 22 20.

Vaksdal torsdag 10.00—12.00.

Telefon 36 88.

Mandag er prestens fridag. Når det
gjeld vigslar og gravferder, har pre-
stane kvar si tenesteveke, så langt
som råd er.